



Søknad om forprosjekt,

Nærmiljø og teater

Bergen 29. mai 2017

KORT OM PROSJEKTET

4H Hordaland søker med dette om støtte til eit forprosjekt der vi vil auka kompetansen om teater og underholdning, engasjera medlemmer og få fleire i lokalmiljøa engasjert i teater og underholdning.

Heile 4H-organisasjonen har fokus på nærmiljø dei 2 neste år, då skal det gjennomførast temaår. Vi har sett at det her i fylket er eit stort behov for stimulering til ny giv på underholdning og teaterfronten. Dette trur vi vil både styrka klubbane og nærmiljøet. Vi vil og opna lokale 4H-arrangement og aktivitet opp for nye grupper i lokalmiljøet.

På fylkesplan vil vi og gjerne auka interessen og kvaliteten på arrangement gjennom fokus på artige stunt, nye idear, kursing av både ungdom og vaksne. Vi vil gjera eit forprosjekt for å forankra ideen lokalt og få med klubbane og medlemmene i prosessen, og med det kvalitetssikra og styrkja prosjektet i det vidare arbeidet med eit hovudprosjekt.

Medlemsstyrte aktivitetar og medlemsdemokrati er viktige prinsipp for 4H.

Sentralt i forprosjektet er få til diskusjonsgrupper i klubbane om ønskemål og kartlegging av lokale ressursar både når det gjeld enkeltpersonar, lokalhistorie, bygningar, arrangement, samarbeidspartnarar m.m. På fylkesplan vil vi leggja inn diskusjonar, inspirera gjennom kurs og setja opp ei styringsgruppe som skal arbeida vidare med hovudprosjektet.

Målet etter forprosjektet er å få i gang eit 2.5 årig prosjekt . Alle resultat frå hovudprosjektet vil bli gjort tilgjengeleg for klubbar og fylke over heile landet slik at våre erfaringar kan gagna heile organisasjonen.

I *hovudprosjektet* vil vi jobba ulike idear for å betra kvaliteten og engasjementet for teater og nærmiljø, betra samhaldet i bygdene og den lokale identiteten, utvikla samarbeid med andre

Post- og besøksadresse: Kvassnesvegen 15, 5914 ISDALSTØ • **Telefon:** 970 98 941 •

E-post: hordaland.styret@4h.no • Organisasjonsrådgjevar Turid Sandstad Herland: turid.herland@4h.no

Internett: www.4h.no/hordaland • **Bankgiro:** 3480 11 32121 • **Organisasjonsnummer:** 993 230 170

organisasjonar/bedrifter for å få inkludert fleire grupper i lokalmiljøa. Tanken bak er at ein gjennom å identifisera ressursar i lokalmiljøet og samarbeida med desse vil lokalsamfunnet bli sterkare og meir engasjerte.

Vi søker Hordaland Fylkeskommune om kr 200 000 til forprosjektet.

MÅL OG RESULTATMÅL

Overordna mål

Førebu hovudprosjektet Nærmiljø og Teater. Få medlemmer engasjerte i teater og lokalmiljøet og at medlemmene opplever meistring og stolthet over gode individuelle prosjekt og aktivitet i heile klubben. Opna arrangementa i 4H slik at andre grupper vert deltakande og det vert betre samarbeid mellom organisasjonar.

Resultatmål

Få sett i gang ei styringsgruppe som skal arbeida vidare med prosjektet

Kartlegge interessa og behovet til klubbane og lokalmiljøa.

Planlegga kurs og informasjon om prosjektet.

Utvikla prosjektideen, og definere mål, resultatmål, organisering og eigarskap.

Kartlegge og definere kven som er aktuelle samarbeidspartar i hovudprosjektet.

Finna ut kva som finst av gode opplegg i organisasjonen og som vi kan vidareføra evt forbetra og kva idear andre lag kan bidra med.

Laga finansieringsplan og førebu søknader til hovudprosjektet.

Bakgrunn

Opplæring og fokus på teater, kvalitet på underholdning, kursing i tekniske ferdigheter på lys, lyd og dekorasjonar, ideverkstad og tilbod om dette trur vi er viktig for å styrkja samhald i nærmiljøet, ha det gøy og utvikla stoltheit over eigen klubb og nærmiljøet. Dette vil auka mestringskjensla til dei einskilde medlemmene og auka kunnskap om formidling generelt og bevisstgjerjing om ressursane lokalt.

Litt om 4H Hordaland

Vi er ein stor og aktiv fylkesorganisasjon med ca. 1200 medlemmer fordelt på 40 4H-klubbar fordelt på 33 kommunar. Medlemsalderen er 10 - 25 år. 4H er ein medlemsstyrt organisasjon der medlemmane sjølv avgjer kva dei vil utforska og tileigna seg kunnskap om.

Mangfald og kreativitet er svært viktig i 4H. Vi har tru på det skapande menneske, og aktiviteten er verktøyet for å nå målet: «4H skal utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske.»

Med eit sterkt og stabilt «skjelett» med relativt mange tilsette nasjonalt, har 4H heldt god kvalitet i opplæring, klubbaktivitet, nettverksarbeid og informasjonsarbeid. Fylkeskontora har svært god og nær kontakt med medlemmane og klubbane. I tillegg er kontora eit naturleg kontaktpunkt mellom medlemmene og mellom klubbane.

Bygde- og nærmiljøutvikling

Alle medlemmane i 4H gjennomfører eit prosjekt kvart år. Eit slikt prosjekt kan handla om å vera aktivtetsleiar for dei yngste i klubben, teater, ha ansvaret for dyr, læra å baka, ta vare på dyr, eller læra om friluftsliv. Alle set sjølv personlege mål for sitt prosjekt.

Mange aktuelle samarbeidspartar

4H har mange nære samarbeidspartar. I dette prosjektet kan det mellom anna vere aktuelt å involvera skulane, Hordaland ungdomslag, amatørteaterlag, Bygdekvinnelag, historielag, pensjonistforeningar, vaksenopplæringa m.fl. . Alle som ønskjer å bidra med kunnskap og støtte og alle som ønskjer seg betre kvalitet på arrangement/festivalar.

HOVUDPROSJEKTET

Gjennom hovudprosjektet ønskjer vi å:

Sikra kvalitet og drift av klubbane i fylket ved å gje:

- gje klubbane nytt liv og inspirasjon ved å utvikla god underhaldning på eigne arrangement, kunna ta på seg oppdrag for andre på festivalar og spesielle dagar. Dette trur vi vil føra til meistring, engasjement og styrking av lokal identitet.
- opplæring og inspirasjon i teater og korleis nytta nærmiljøet som inspirasjon.
- opplæring i tekniske kunnskap, presentasjon på scene og gode filmopptak.
- auka kunnskap om formidling til publikum og gode idear til kva som engasjerer.
- auka kunnskap om og i det å drive med «kultur som næring», entreprenørskapsideen i 4H-prosjekta.
- auka kunnskap om å ta vare på tradisjon/lokalhistorie, men samstundes vera nyskapande.
- auka kunnskap om samarbeid frivillige/amatør og profesjonelle aktørar.
- utveksle og utvikla ein nettbasert idebank som klubbane kan få inspirasjon av etter prosjektet er avslutta. Dette skal og gagna alle klubbane i landet.

Styrkja og kvalitetssikra arrangement i 4H-klubbane:

- Partnerskap og samarbeid mellom ulike kulturaktørar. Oppretta gode samarbeidshøve mellom klubbane og andre aktive lag i bygda

Erfaringane frå forprosjektet vil gje klare føringar for mål og tiltak i hovudprosjektet, og er ein føresetnad for forankring lokalt og at ideane deira vert det førande for vidare satsing på dette prosjektet.

ORGANISERING

Vi vil etablere ei styringsgruppe for prosjektet med representantar frå medlemmer, klubbbrådgjevarar og 4H Hordaland. Styringsgruppa skal ha det faglege ansvaret for prosjektet.

Fylkesstyret definerer måla og har økonomisk ansvar for prosjektet, og blir orientert fortløpande om utviklinga i prosjektet.

Vi vil tilsetja ein prosjektleiar i 50 % i seks månader for forprosjektet som skal ha kontorstad hos 4H Hordaland. Dagleg leiar vil vere nærmaste overordna for prosjektleiar. I hovudprosjektet ønskjer vi å vidareføra engasjementet i 2.5 år til i 50 % stilling.

Sluttrapport frå prosjektet vil bli lagt fram etter prosjektslutt, september 2020.

FRAMDRIFTSPLAN

	Oppgåve / aktivitet
August	Eablering av styringsgruppa
September	Intern utlysing og tilsetjing av stilling som prosjektleiar forprosjekt.
Oktober	Prosjektleiar startar i jobben Møte med styringsgruppa, framdriftsplan. Arbeid med prosjektplan og finansiering hovudprosjekt Prosjektskisse og finansieringsplan til styringsgruppa for godkjenning
November/ Desember	Prosjektleiar planlegg og gjennomfører idéfase i klubbane og på arrangement
Januar/ februar	Oppsummera medlemmer og klubbar sine idear og søkja om støtte til hovudprosjekt
Mars	Sluttrapport forprosjekt

